



Grana vart tent medan musikklaget spela - inne

No skin ho att, Uskedalens kjæraste symbol, den permanente julegrana.

Det er 50. gongen, men tenninga ikveld var annleis enn dei fleste andre.

5 minusgrader var for mykje for dei ømfindtlege instrumenta og musikklaget måtte spela julesongane inne på Helgheim. Det har skjedd svært få gongar tidlegare men superveteran Bjørgulv Eik som ikkje har skulka ei einaste tenning, måtte berre innrømme at det ikkje var teknisk mogeleg å spela i så kaldt ver.

Men kuldegradane la ellers ingen synleg eller hørbar dempar på den tradisjonemetta juleopptakten. Børsdalsnissen kom,, marknaden fungerte som før og ein kunne nytta eit overdådig kakebord i Gamleskulen, for å ta fram 3 døme.



- og muskarane hadde eit fint julerepertoar

Og apropos marknaden: Hjørnevåg og Friheim frista med fine produkt i teltet der arrangøren steikte lappar, for å nemna noko. Både der og inne i Gamleskulen vart tikronersprinsippet prisverdig nok gjennomført. Ein spennande ny variant i teltet var sal av krimlitteratur!



Andreklassa i fokus under salet i Helgheim

I toppetasjen vart eit nytt innslag lansert. 15 unge høyrde eventyret om han som gløymde jula. I Helgheim var det graut å få nede medan salet gjekk unna oppe. Elevane satsa også dette året i stor grad på hjerter, som varierte i pris mellom 30 og 40 kroner for dei store. Hos andreklassingane kunne ein få englar for 30 og hos femteklassingane julehandkle for 50.

Men det mest originale produktet kom frå Skorpo i form av ein velkomponert bit Skorponatur som Nikolai og Reiner selde saman med mor. Det var SFO som hadde laga komposisjonen og dit gjekk også pengane. Halvparten av den medbragte naturen gjekk unna men det er heldigvis mykje å ta av. Hvis også du vil sikra deg ein bit av den fascinerande øya utanfor oss, kostar det berre ein femtilapp!

Andre etasje i Helgheim var ellers fylt av varmande produkt som vart selde både av tidlegare uskedelingar og folk frå andre deler av kommunen - til dømes Åkra. Omsetnaden var nok ikkje særleg stor i den trengselen som rådde, men julestemningen var der utan tvil.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



i teltet var det lappesal ved to julete aktivitetsvenner



Skorpo vart seld i smått!